ALVER
KOMMUNE

Bergen Rør Og Byggservice As
Salhusvegen 55
5131 NYBORG

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: Ref.:WGETHT-Skjemanr.:3934 | Linda Hammersvik Folkestad | 10.06.2022 |
| Vår: 22/4174 - 22/44557 | linda.folkestad@alver.kommune.no | |

# Mellombels svar på rørleggermelding - gbnr 428//51 og 428/52 Kvalheim nedre

**Tiltak:** Tilknytning kommunalt vatn
**Byggjestad:** Radøyvegen 2512 – GBNR 428/51-52
**Tiltakshavar:** Bjørn Kåre Vågenes
**Ansvarleg søkjar:** Bergen rør og byggservice AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 18.05.2022

**Mottakskontroll**
Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Av situasjonsplan vedlagt søknad ser vi at leidningstrase er tenkt plassert på annan manns grunn. Før vi kan handsame søknad skal vi ha kopi av tinglyst rett til å legge leidninger på annan manns grunn. Det kan sjå ut som at leidningstrase er tenkt etablert over Gbnr 428/12, Gbnr 428/6-7,14, Gbnr 428/3 og Gbnr 13. Legg ved forslag til avtale.

   Vedlagt avtale «stadfesting om rettan» er ei avtale som gjeld Gbnr 428/11, Gbnr 428/12 og Gbnr 428/3 og 13. Avtale gjeld leidningsnett som er etablert under Fv. 5484. Leidningsnett i avtalen er vist på vedlagt VA kart. Gbnr 428/51-52 er ikkje omfatta av avtalen.

2. Av innsendt situasjonsplan kan det sjå ut som at eigedom skal knytte seg på ei eksisterande privat vassleidning. Dersom dette er tilfelle, skal kommunen ha kopi av tinglyst erklæring om felles solidarisk ansvar for felles leidning fram til tilknytingspunkt på kommunal vassleidning. Alle eigedomer er knytt på dette leidningsnett, skal signere på avtalen. Legg ved forslag til avtale

3. Kart som er vedlagt søknad er ikkje eit VA-kart. Vi ber om at leidningsstrase vert lagt inn på vedlagt VA-kart. Leidningstrase skal være vist frå veggliv fritidsbustad, heilt fram til tilknytings-punkt kommunal vassleidning.

4. Før vi kan handsame søknad om tilknyting til kommunalt vatn skal det ligge føre godkjent utsleppsløyve. Det må dokumenterast at eigedom har godkjent utslepp.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 31.06.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

**Sakshandsamingsfrist**
Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**
Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

| | |
|---|---|
| Arne Helgesen | Linda Hammersvik Folkestad |
| Avdelingsleiar | Ingeniør |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
VA-kart Gbnr 428-51.1
VA-kart Gbnr 428-51.2
Erklæring om felles solidarisk ansvar
Erklæring om rett til å gå over annan manns grunn

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Bjørn Kåre Vågenes | Seiersbjerget 8 | 5022 | Bergen |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Bergen Rør Og Byggservice As | Salhusvegen 55 | 5131 | NYBORG |